



Fylkesmannen i Oppland

Nord-Fron kommune

Nedregate 50

2640 Vinstra

Att. Geir Johan Groven

Dykkar referanse	17/15866	Dato	03.01.2018
Vår referanse	2017/7355-4 433.52 HKL		
Sakshandsamar	Harald Klæbo, tlf. 61 26 60 56		
Avdeling	Miljøvernavdelinga		

Avslag på søknad om skadefelling av jerv - 2017 – 2018 – «prøveprosjekt»

Med heimel i lov av 19. juni nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) § 18 første ledd b) og § 77, jf. forskrift av 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta) § 9, jf. §§ 1 og 3, avslår Fylkesmannen i Oppland søknaden om skadefelling på jerv i dei angjevne prosjektområda.

Vi syner til søknad frå Sel, Vågå, Sør- og Nord-Fron kommunar, datert 17. november 2017.

Kommunane søker om skadefelling av inntil fire jervar fordelt på to prosjektområder;

1. Sør- og Nord-Fron og Sel austside

2. Sør- og Nord-Fron, Sel og Vågå austside

Ein ynskjer å nytte snøskuter til lokalisering av jerv, samt for uttransport av mannskap. Skadefellinga ønskes å bli gjennomført i lisensfellingsperioda; desember/januar 2017/18.

Bakgrunn for søknaden

Bakgrunnen for søknaden er store tap av beitedyr i område Østkjølen/Kvamsfjellet/Vuludalen og kringliggjande område dei seinare åra, først og fremst i Sør-Fron. Erfaringane frå lisensfellinga i desse områda er at jerven ikkje nyttar dei områda kor jervebåsar og åtebuer er plassert før etter at lisensfellingsperioden er over, og at det såleis er vanskeleg å få teke ut jerv i løpet av lisensfellingsperioda. Det har også vist seg vanskeleg å få prioritert dette området for ekstraordinære uttak, då området ligg innanfor jervesona. Landbrukskontoret i Nord-Fron, på vegne av beitelaga i Nord- Fron og Sør- Fron austside, samt Nord- Fron og Sør-Fron kommunar, hevdar at det er heilt naudsynt å få redusert dei store tapa til rovdyr i området om ein skal klare å oppretthalde beitebruken her i framtida.

Vedtekne kvoter for jerv 2017/2018

Rovviltnemnda i region 3/ Oppland har i vedtak av 24.05.2017 fastsett ei kvote på fire betinga skadefellingsløyver på jerv i region 3 i perioda 01. juni 2017 – 15. februar 2018. Det er så langt ikkje felt dyr av denne kvota. Kvota er primært sett for å handtere skadesituasjonar i beitesesongen.

Nemnda har vedtatt ei lisensfellingskvote på 12 jerv der det er pr. dato felt eit dyr.

Lovgrunnlaget

Vedtaket er fatta i medhald av Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) §§ 18 og 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskriften) § 9, jf. §§1 og 3, kor det går fram:

§ 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene). Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk a) for å beskytte naturlig forekommende planter, dyr og økosystemer, b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom,(...) Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.(...)

Rovviltforskrifta § 1 (formål):

"Formålet med denne forskriften er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensynet til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike rovviltaarter."

Rovviltforskriften § 3 (Nasjonale bestandsmål og bestandsovervåking):

"(...) Nasjonalt overvåkingsprogram, for rovvilt skal gi data om status og utvikling i rovviltnestandene, herunder også beskrive det antall ynglinger som er dokumentert i regionene. Metodikk, datagrunnlag og resultater skal være offentlig tilgjengelig."

Rovviltforskrifta § 9 (Fylkesmannens myndighet til iverksetting av betinget skadefelling):

"...Ved vurdering av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til

- områdets betydning som beitemark
- skadenes omfang og utvikling
- potensialet for fremtidige skader
- muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrensa til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf viltloven § 35."»

Etter § 9 i forskriften kan Fylkesmannen treffe vedtak om iverksetting av felling for å forhindre framtidig skade innafor ramma av kvote for betinga skadefelling gitt av rovviltnemnda, jf. Forskrifta § 8.

Prinsipper for offentlig beslutningstaking Naturmangfoldlovens formålsbestemmelse (§ 1):

"Lovenes formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur."

Etter naturmangfoldlova § 5 er det et mål at artane og deira genetiske mangfold blir ivaretakne på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Tiltak etter naturmangfoldlova skal avvegast mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Ei slik avveging skal ikkje medføre at målet i § 5 fråvikast, men at tiltaket vil kunne medføre at målet i § 5 nås på anna måte eller i anna tempo enn viss naturmangfaldet hadde vore det einaste omsynet å ta, jf. også prinsippet om geografisk differensiert rovviltforvaltning. Dette er konkretisert nærmere gjennom §§ 3 og 4 i rovviltforskrifta og gjennom forvaltningsplanen for rovvilt i region 3.

Etter naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldlova leggast til grunn

som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Fylkesmannen syner til at dette vedtaket blant anna baserer seg på kunnskap om artanes bestandssituasjon. Vi syner til data frå Nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt og reknar kravet til kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfoldlova § 8, som tilstrekkeleg ivareteke. Føre-var-prinsippet kjem til bruk i situasjonar der ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap, jf. naturmangfoldlova § 9.

Gjennom statusrapportar frå Rovdata og anna informasjon frå overvakinga og skandinaviske forskingsprosjekt er det god kunnskap om den samla belastninga jervebestanden blir utsett for, jf. § 10. Ut over enkelte påkøyrlar og predasjon skjer avgangen av jerv i all hovudsak gjennom lisensfelling og ekstraordinære uttak, sånn at miljøforvaltninga i stor grad har oversikt over den samla belastninga.

Fylkesmannen reknar ikkje naturmangfaldlova §§ 11 og 12 som relevante i dette tilfellet, då søknaden om skadefellingsløyve vert avslått.

Bestandssituasjon for jerv

Talet av jerv i den norske bestanden er gjennom fleire år rekna ut frå registrerte ynglehi. Jerven ynglar fyrste gong ved 3 -4 års alder, og tispene ynglar ikkje kvart år. I snitt vil om lag 60 % av vaksne tisper yngle det enkelte år. Vidare er det variasjon i ynglesuksess både mellom enkeltisper og enkeltår, og ein må difor rekne med ujamt tal ynglingar frå år til år. Bestanden av jerv i region 3/Oppland har i ei periode vore over det fastsette bestandsmålet på fire årlege ynglingar, med 10 påviste ynglingar i 2015, 7 i 2016, og med seks i 2017.

Det vart gjennomført hiuttak ved fire av ynglehi i 2015 (totalt 12 jerv), ingen hiuttak i 2016 og to hiuttak i 2017 (totalt fem jerv).

I tillegg er det utvikla metode for å kunne skilje jerveindivid ved hjelp av DNA-analyse av innsamla ekskrementer. Det totale bestandsnivået for jerv som ein har rekna ut frå DNA-analysane ligg noko lågare enn talet av jerv ein har rekna ut frå tal registrerte ynglehi i region 3/Oppland.

Tapsnivå og utvikling – jerv/bufe

Tap av bufe på utmarksbeite *erstattat som tap til jerv* ble redusert i perioden 2015-17;

2015: 1761 sau/lam erstatta som tap til jerv,

2016: 1330

2017: 1220

Ein må langt tilbake på 1990 talet for å finne så låge tap til jerv.

Dette et samsvarande med nedgangen i *påviste skader*:

2015: 193 skadetilfeller

2016: 97

2017: 63

For dei fire kommunane som det blir søkt om skadefelling i har *erstattat tap*: vore slik dei tre siste åra:

2015: 549 sau/lam

2016: 377

2017: 541

Ser ein t.d. på Fronskommunene samla sett for 2017 vart det erstatta 409 sau/lam til jerv på austsida av Gudbrandsdalen mot 104 sau/lam på vestsida, dvs. vel 80 % av jerveskadene har vore på austsida. Av det resterande 20 % som er erstatta på vestsida, er det berre dokumentert ein jerveskade i 2017. Usikkerheita rundt tapstal vil derfor vere større her.

Fylkesmannen si vurdering

I berre to tilfelle tidlegare har Fylkesmannen ut frå særskilte omstende gjeve skadefellingsløyve på jerv i lisensfellingsperioden. I 2015 iverksette Fylkesmannen eit skadefellingsløyve på jerv i utvalde delområde i fylket. Bakgrunnen for dette var mellom anna låg utteljing på lisensfelling, og at effektiviseringsprosjektet var nystarta og ikkje var komen ordentleg i gang. Ein gjorde midlertidig ikkje så gode erfaringar med vedtaket, det var kostnadskrevjande og gav ikkje utteljing i form av felling.

Den 10. februar 2016 ga Fylkesmannen skadefellingsløyve på ein jerv i området Frydalen/Vuludalen i Fron – det vart tatt ut ei jervetispe på dette løyvet. Grunnlaget for løyvet var eit høgt tapsnivå, eit bestandsnivå med 10 registrerte ynglingar i fylket i 2015, samt at ein ennå ikkje hadde fått konkrete resultat i dialogen med Miljødirektoratet om bistand til uttak i slutten av lisensfellingsperioda. Det var i 2015 registrert 65 jerveynglingar på landsbasis dvs. 66 % over bestandsmålet. Tilsvarande data for 2017 er dermed betre med seks registrerte ynglingar i Oppland og 40 på landsbasis, som er tett på det nasjonale bestandsmålet.

Den rådande forståinga i forvaltninga og av lovgrunnlaget at lisensfelling skal vere hovudverkemidlet i bestandsreguleringa av dei store rovdyra i Norge. Difor er det ei sterk satsing på å effektivisere og auke sjansane for lukkast i lisensfellinga i Oppland. Fylkesmannen yter blant anna midlar til konkrete tiltak i området det no er søkt om skadefellingsløyve. Generelt dreier dette seg bl.a. om kurs og opplæring av lisensjegere, å kunne nytte motorferdsle for tilsyn av bås/utkøyring av åte, samt forsøksprosjekt med elektronisk overvaking av bås/bruk av kunstig lyst på åte.

Fylkesmannen er einig i at det har vore til dels store tap til jerv på Østkjølen/Vuludalen/Kvamsfjellet og dei nærliggjande områda dei siste åra, som har medført store belastningar for enkeltbrukarar i området. Som eit bidrag til å regulere jervebestanden, vil rovviltnemnda mot slutten av januar 2018 ha ein tett dialog med Miljødirektoratet om ekstraordinære uttak av jerv. I den samanheng vil nemnda på sitt møte i januar drøfte ei prioriteringsliste for region 3. Fylkesmannen vil i saksførebuinga opplyse nemnda om status i fylket, også særskild tapssituasjon i beiteområdet Østkjølen/Vuludalen/Kvamsfjellet. Denne prioriteringslista vil saman med status for lisensfellinga mot slutten av perioden danne grunnlag for dialogen mellom rovviltnemnda og Miljødirektoratet kor ein vil vurdere ekstraordinære uttak med bistand frå SNO. Prinsipielt meiner Fylkesmannen at slike ekstraordinære uttak bør skje mest mogleg effektivt, og med kvalifisert fellingspersonell i SNO, som og vil rå over andre verkemiddel som t.d. helikopter. Miljødirektoratet vil og ha den totale oversikta over bestandssituasjonen nasjonalt til kvar tid.

Det står framleis igjen vel 1,5 månad igjen av lisensfellingsperioda, og ut frå erfaring veit ein at storparten av jerv vert felt dei siste vekene av fellingsperioda. Ut frå ei samla vurdering vurderer derfor ikkje Fylkesmannen at skadefelling er eit aktuelt tiltak på det noverande tidspunktet.

Fylkesmannen sitt vedtak

Med heimel i lov av 19. juni nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova § 18 første ledd b) og § 77, jf. forskrift av 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviftforskrifta) § 9, jf. §§ 1 og 3, avslår Fylkesmannen i Oppland søknaden om skadefelling på jerv i Nord-Fron, Sør-Fron, Sel og Vågå austside.

Klageadgang

Dette vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage sendast innan tre veker til Fylkesmannen i Oppland. Klagen skal adresserast til Miljødirektoratet.

Vebjørn Knarrum e.f.
avdelingsdirektør

Harald Klæbo
seniorrådgiver

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Sel kommune	Botten Hansens gate 9	2670	Otta
Sør-Fron kommune	Kommunevegen 1	2647	Sør-Fron
Vågå kommune	Edvard Storms veg 2	2680	Vågå
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM